



Lindås VVS  
Postboks 42  
5951 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/450 - 16/691

Sakshandsamar:  
Gunnar Molland  
gunnar.molland@masfjorden.kommune.no

Dato:  
03.02.2016

## Melding om delegert vedtak - løyve til tiltak - nytt utslepp - gbnr 6/52

### Administrativt vedtak. 014/2016

**Tiltakshaver:**  
Njål Kleven

**Ansvarleg søker:**  
Lindås VVS AS

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### VEDTAK:

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå [sett inn type utsleppsanlegg] på følgjande vilkår:**

1. Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til 2 m<sup>3</sup> septiktank med avlaup til sjø.
2. Ferdigmelding sendast kommunen når tiltaket er utført.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

## Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

## Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

#### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.1	Utsleppsløyve	1	3300,-
	Totalt gebyr å betala		3300,-

#### Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Gunnar Molland  
fagarbeidar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

#### Kopi til:

Njål Kleven

Tertnesveien 97 5114

TERTNES

**Mottakarar:**

Lindås VVS

Postboks 42

5951

LINDÅS

**SAKSUTGREIING:**Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for gnr. 6 bnr. 52. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.05.2015.

Plassering: Dragseidvegen 31

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større datert 20.05.2015, jf.

forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Reinsekrav

Eigedomen ligg i eit område der det er krav til septiktank med avlaup til sjø etter forureiningsforskrifta kapittel 12.

Nabovarsel

Det har ikkje komen merknader til søknaden

Privatrettslege tilhøve: Vedlagt avtale med eigar av naboeigedomen gnr 6 bnr 67 om tilknytning til denne eigedoms avlaupsleidning etter septiktank.

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gnr. 6 bnr. 67. Det ligg føre avtale om plassering/legging av anlegg/leidningar på gbnr 6/67 datert 15.11.2013.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Tilkopling til eksisterande 110 mm avlaupsleidning etter septikktank for gnr 6 bnr 67

Fakta

Nabomerknad: Vedlagt avtale med naboeigedom

Plassering : Dragseidvegen 31 gnr 6 bnr 52

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 20.05.2015.

Reinsekrav: 20 % reduksjon av suspendert stoff

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til 2 m3 sptikktank med avlaup til sjø.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

Godkjenning etter andre lovverk

VURDERING: Rådmannen har ingen merknad til tiltaket